

---

Saksnr: 2019/82-24  
Saksbehandlar: Arild Knapskog

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval		11.12.2020

Ungdomsråd på tvers - auke reel brukarmedverknad i og på tvers av organisasjonar i Idrettscampus Bergen

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Samandrag

Vestland fylkeskommune er ein samarbeidspart i Idrettscampus Bergen, som er forankra i Regional kulturplan for Hordaland 2015-2024. Ungdomsråd på tvers har som mål å gi ungdomsbrukaren ei stemme i Idrettscampus Bergen sine prosjekt og oppmode til felles diskusjon blant organisasjonane som er tilknytt Idrettscampus Bergen.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Arild Knapskog  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 ICB Ungdomsråd på tvers - mandat

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 8. - 9. desember 2015 å løyve midlar til planlegging av eit «Campus Bergen» etter modell frå Sogndal for å få eit kompetansesenter der ein samlar idrett, kompetanse, næringsliv, toppidrett og utdanning. Idrettscampus Bergen vart samansett av desse 8 aktørane: Vestland fylkeskommune, Vestland idrettskrets, Olympiatoppen vest, Bergen kommune, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og Sportsklubben Brann.

Samarbeidet i Idrettscampus Bergen er forankra i Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 og Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024.

Samarbeidet *ungdomsråd på tvers* (UKT) vil bestå av representantar frå ungdomsråd tilknytt Vestland Idrettskrets, Bergen kommune, Vestland fylkeskommune, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og Helse Bergen. Totalt vil rådet bestå av sju ungdomar i alderen 12-25 år og det er lagt opp til 4-6 møter i løpet av eit kalenderår. UKT har som hovudoppgåve å vere ungdomsbrukaren si stemme i Idrettscampus Bergen sine prosjekt og å ta initiativ til felles diskusjon på tvers av Idrettscampus Bergen-organisasjonane i saker som har følgjer for ungdomsbrukaren.

### Konklusjon

Vestland ungdomsutval vil ta stilling til om dei ynskjer å ta del i arbeidet med å vere ungdomsbrukaren si stemme i Idrettscampus Bergen sine prosjekt.